ULSTEIN KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utvalg: **Ulstein formannskap**
Møtestad: **Kommunestyresalen, Ulstein rådhus**
Dato: **15.12.2011**
Tid: **13:15 - 14:35**

Faste medlemmer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jan Berset	Ordførar	H
Heidi Strand	Medlem	H
Knut Erik Engh	Varaordførar	FRP
Pål Grødahl	Medlem	V
Lisa Mari Breivik Anderson	Medlem	SP
Magne Grimstad jr.	Medlem	AP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Renathe Rossi-Kaldhol	MEDL	AP

Varamedlemmer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Steinar Torvik	Renathe Rossi-Kaldhol	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Einar Vik Arset	Rådmann
Verner Larsen	Ass.rådmann
Leif Ringstad	Kommunalsjef oppvekst og kultur
Rune Urke	Dagleg leiar UEKF
Marianne Hatløy	Politisk sekretær

Permisjonar/Ugildskap

Ingen

SAKLISTE

Saksnr	Tittel
PS 11/155	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
PS 11/156	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
PS 11/157	MELDINGSSAKER
RS 11/34	REFERAT SISTE STYREMØTE ULSHAV
RS 11/35	BRUKARUNDERSØKINGAR - PLANAR
RS 11/36	SKATTEINNTEKT 2011
PS 11/158	OVERFØRING/SAL AV SKULAR OG GRENDAHUS
PS 11/159	REGIONALE OG LOKALE SAMFERDSELS-UTFORDRINGAR UTTALE FRÅ ULSTEIN KOMMUNE
PS 11/160	EVALUERING AV INTERKOMMUNALT FØREBYGGANDE ARBEID I HAREID, ULSTEIN, HERØY OG SANDE. RAPPORT OG FRAMLEGG TIL SAMARBEIDSAVTALE
PS 11/161	FOREBYGGANDE INTERKOMMUNALT ARBEID - TIDLEG INTERVENSJON SKULE-HEIM-FRITID (VIT) - NY ORGANISERING OG GODKJENNING OPPSTART
PS 11/162	HØYRING - REGIONAL PLANSTRATEGI
PS 11/163	EIGARSTRATEGI FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS (SSR)

Eventuelt

Ulsteinvik, 15.12.2011.

Jan Berset
ordførar

Marianne Hatløy
møtesekretær

PS 11/155 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak i Ulstein formannskap, 15.12.2011:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 11/156 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

Vedtak i Ulstein formannskap, 15.12.2011:

Protokollen frå møtet den 29.11.2011 vart godkjent.

PS 11/157 MELDINGSSAKER

Vedtak i Ulstein formannskap, 15.12.2011:

Meldingane vart teke til vitande.

Handsaming:

RS 11/36 Rådmannen kom med utfyllande opplysningar etter spørsmål frå Pål Grødahl. Notatet vert å legge fram for kommunestyret i samband med handsaming av saka "Økonomiplan 2012 - 2015".

RS 11/34 REFERAT SISTE STYREMØTE ULSHAV

RS 11/35 BRUKARUNDERSØKINGAR - PLANAR

RS 11/36 SKATTEINNTEKT 2011

PS 11/158 OVERFØRING/SAL AV SKULAR OG GRENDAHUS

Tilråding frå Ulstein formannskap, 15.12.2011:

1) Eiksund skule vert overført til Eiksund samlingshus, og får samstundes ei årleg støtte på 50.000 kr.
2) Dimna skule og grendahus vert overført til P/L Dimna Grendahus, og får samstundes ei årleg tilskot på 95.000 kr.
3) Flø skule vert overført til Flø idrettslag/ grendalag, og får samstundes overført eit årleg tilskot på 45.000 kr. Ein føresetnad for overføringa er at Hugo Opdal får vidareført dagens avtale i høve leige.
4) Kostnadar i samband med overdraginga av eigedomane frå UEKF til bygdene, vert dekt ved at Ulstein kommune tek ut eit ekstraordinært utbytte frå UEKF avgrensa opp til 4,5 mill kroner.
5) Utbytte skal dekke bokført verdi av bygningsmasse, bokført verdi av overført tomteareal og kostnadar knytt til tinglysing.
6) Avtalar med bygdene vert å undeteikne med nemnde klausular innan 30.06.2012.
7) Dersom avtalar ikkje vert underteikna innan 30.06.2012, vert eigedomane lagt ut for sal.
8) Den økonomiske avtalen mellom partane gjeld for 5 år.

Handsaming:

Knut Erik Engh stilte spørsmål om sin habilitet då han har vore i styret til P/L Dimna Grendahus tidlegare. Han vart funnen habil.

Framlegg frå Jan Berset:
(Nytt pkt. 8)
Den økonomiske avalen mellom partane gjeld for 5 år.

Utsetjingsframlegg frå Pål Grødahl, Venstre:
Saka vert utsett til januar.

Røysting over utsetjingsframlegget:
Utsetjingsframlegget frå Pål Grødahl fekk 2 røyster og fall.

Røysting:
1. Tilrådinga frå Rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.
2. Framlegget frå Jan Berset pkt. 8 vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

PS 11/159 REGIONALE OG LOKALE SAMFERDSELS-UTFORDRINGAR

UTTALE FRÅ ULSTEIN KOMMUNE

Tilråding frå Ulstein formannskap, 15.12.2011:

Ulstein kommunestyre viser til saksutgreiinga og vil særleg peike på desse utfordringane innafor samferdselssektoren:

1. Styrka samferdselstilbod mellom vår region og Ålesundregionen gjennom etablering av Hafast er overordna viktig med tanke på næringsutvikling og busetting. Inntil

sambandet er etablert må kapasiteten/rutefrekvensen i sambandet Hareid – Sulesund, samt Hareid-Ålesund-Valderøy aukast.

2. Gjennomgåande kollektivtransporttilbod med fast rutefrekvens bør etablerast på strekningane Fosnavåg-Garnes-Ulsteinvik-Hareid-Sulesund-Ålesund(Moa). Ruta bør korrespondere med tilsvarande rutefrekvens på strekninga Garnes-Hovden Flyplass-Volda.
3. Trafikkteljing syner at trafikken langs fylkesveg 61 aukar, med prognoser for vesentleg auke vidare, samstundes som tilknytte utbyggingsområde er i sterk utvikling. Dette pressar etterkvart avviklingskapasiteten og trafikktryggleiken, særleg på strekninga Hareid grense – Hasundkrysset og grein til Ulsteinvik. I første omgang må kryssløysingane her ombyggast til å takle trafikkvoluma. Dette gjeld særleg ved Ulstein vidaregåande skule/Saunesmarka industriområde, Strandkrysset, ved Glopen (Saunes) og Hasundkrysset. Planlagd gang- og sykkelveg over Hareidseidet må få vidareføring til Strand/indre Saunes. Det hastar med planfri fotgjengarkryssing av fylkesvegen ved Saunesmarka næringsområde.
4. Strekninga frå Eiksund til Flø er relativt flat og dermed eigna for sykling, både for nytte og rekreasjon. Det bør difor leggast til rette for eigen gang- og sykkelveg der fylkesvegen elles er einaste alternativet. Dette gjeld særleg Dragsundbrua - Haddal-Selvågtunellen (653) og Garneskrysset - Garshol /Botnen (61).
5. Rammene for trafikktryggingstiltak (g/s-vegar) som 50/50 prosjekt må aukast.
6. Styrka samferdselstilbod ved å satse på etablering av Høgfartsbane til Ålesund. Dette prosjektet vil gi eit framtidsretta kommunikasjonstilbod for passasjer og godstrafikk. Prosjektet vil få store og positive ringverknader både regionalt i Møre og Romsdal, i forhold til nabofylka og nasjonalt.

<u>Handsaming:</u>

Tilråding frå Rådmannen:
Ulstein kommunestyre viser til saksutgreiinga og vil særleg peike på desse utfordringane innafor samferdselssektoren:

1. Styrka samferdselstilbod mellom vår region og Ålesundregionen gjennom etablering av Hafast er overordna viktig med tanke på næringsutvikling og busetting. Inntil sambandet er etablert må kapasiteten/rutefrekvensen i sambandet Hareid - Sulesund aukast.
2. Gjennomgåande kollektivtransporttilbod bør etablerast på strekninga (Fosnavåg-) Garnes-Ulsteinvik- Hareid-Sulesund-Ålesund(Moa).
3. Trafikkteljing syner at trafikken langs fylkesveg 61 aukar, med prognoser for vesentleg auke vidare, samstundes som tilknytte utbyggingsområde er i sterk utvikling. Dette pressar etterkvart avviklingskapasiteten og trafikktryggleiken, særleg på strekninga Hareid grense – Hasundkrysset og grein til Ulsteinvik. I første omgang må kryssløysingane her ombyggast til å takle trafikkvoluma. Dette gjeld særleg ved Ulstein vidaregåande skule, Strandkrysset, ved Glopen (Saunes) og Hasundkrysset. Planlagd gang- og sykkelveg over Hareidseidet må få vidareføring til Strand/indre Saunes. Det hastar med planfri fotgjengarkryssing av fylkesvegen ved Saunesmarka næringsområde.
4. Strekninga frå Eiksund til Flø er relativt flat og dermed eigna for sykling, både for nytte og rekreasjon. Det bør difor leggast til rette for eigen gang- og sykkelveg der fylkesvegen elles er einaste alternativet. Dette gjeld særleg Garnes- Haddal-Selvågtunellen (653) og Garnes- Garshol (61).
5. Rammene for trafikktryggingstiltak (g/s-vegar) som 50/50 prosjekt må aukast.

Framlegg frå FrP:

Som rådmannens tilråding med følgjande endringar:

1) Siste setning i pkt 1 endrast til: Inntil sambandet er etablert må kapasiteten/rutefrekvensen i sambandet Hareid-Sulesund samt Hareid-Ålesund-Valderøy aukast.
2) Pkt 2 endrast til: Gjennomgåande kollektivtransporttilbod med fast rutefekvens bør etablerast på strekningane Fosnavåg-Garnes-Ulsteinvik- Hareid-Sulesund-Ålesund(Moa). Ruta bør korrespondere med tilsvarande rutefrekvens på strekninga Garnes-Hovden Flyplass-Volda
3) Fjerde setning i pkt 3 endrast til: Dette gjeld særleg ved Ulstein videregåande skule/Saunesmarka industriområde, Strandkrysset, ved Glopen (Saunes) og Hasundkrysset.
4) Siste setning i pkt 4 endrast til: Dette gjeld særleg Dragsundbrua-Haddal-Selvågtunellen og Garneskrysset-Garshol/Botnen.

Framlegg frå AP:
Styrka samferdselstilbod ved å satse på etablering av Høgfartsbane til Ålesund. Dette prosjektet vil gi eit framtidsretta kommunikasjonstilbod for passasjer og godstrafikk. Prosjektet vil få store og positive ringverknader både regionalt i Møre og Romsdal, i forhold til nabofylka og nasjonalt.

Framlegg frå FrP:
Ulstein kommune føreset at finansiering av dette store og viktige tiltaket vert finansiert utanom dei ordinære samferdselsbevilgningane.

Røysting:
1. Framlegget frå FrP pkt. 1 vart vedteke med 7 mot 0 røyster.
2. Framlegget frå FrP pkt. 2 vart vedteke med 7 mot 0 røyster.
3. Framlegget frå FrP pkt. 3 vart vedteke med 7 mot 0 røyster.
4. Framlegget frå FrP pkt. 4 vart vedteke med 7 mot 0 røyster.
5. Tilrådinga frå Rådmannen pkt. 5 vart vedteken med 7 mot 0 røyster.
6. Framlegget frå AP vart vedteke med 7 mot 0 røyster.
7. Framlegget frå FrP fekk 2 røyster og fall.

PS 11/160 EVALUERING AV INTERKOMMUNALT FØREBYGGANDE ARBEID I HAREID, ULSTEIN, HERØY OG SANDE. RAPPORT OG FRAMLEGG TIL SAMARBEIDSAVTALE

Tilråding frå Ulstein formannskap, 15.12.2011:

1. Ulstein kommunestyre sluttar seg til forslaga til «Avtale om politiråd» og «Avtale om samarbeidsorgan for forebyggande arbeid» slik dei går fram av rapport frå gruppa for evaluering av interkommunalt samarbeid om førebyggande tiltak datert 12.10.11.
2. Avtalane vert gjort gjeldande frå det tidspunkt dei er vedtekne av alle kommunestyra og for politirådet sitt vedkomande også av lensmennene i Hareid og Ulstein og i Herøy og Sande. Avtalane avløyser då dei to samarbeidsavtalane om politiråd og om interkommunal førebygging frå 2007.
3. Som ein overgangsordning ber Ulstein kommunestyre om at gjeldande koordinatorfunksjon etter dei gamle ordningane held fram inntil vidare. Samarbeidsorganet overtar dei funksjonane styringsgruppa etter den gamle avtalen hadde. Samarbeidsorganet skal vurdere forankring, økonomi og vidareføring av

eksisterande tiltak, og kome med forslag om dette, og om dimensjonering og organisering av sekretariatstenester for politiråd og samarbeidsorgan. Disse forslaga bør ligge føre så snart som råd, og seinast til budsjettprosessen hausten 2012.

Handsaming:

Tilrådinga frå Rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

PS 11/161 FOREBYGGANDE INTERKOMMUNALT ARBEID - TIDLEG INTERVENSJON SKULE-HEIM-FRITID (VIT) - NY ORGANISERING OG GODKJENNING OPPSTART

Tilråding frå Ulstein formannskap, 15.12.2011:

1. Ulstein kommunestyre sluttar seg til at tiltaket Tidleg intervensjon skule-heim-fritid (VIT) vert starta opp tidlegast muleg i 2012. Sjølv om det vert godkjent at dei samarbeidande kommunane får nytte tilskotet på 2 000 000 kroner som så langt ikkje er brukt, må kommunane likevel søkje om ytterlegare tilskot innan 01.februar 2012 slik at tiltaket kan halde fram også etter 2012.

2. Utkast til samarbeidsavtale datert 29.11.2011, der Ulstein kommune vert vertskommune og Hareid, Herøy og Sande samarbeidskommunar, vert godkjent.

3. Kommunestyret godkjenner Ulstein kommune sin eigendel, om lag kr 200.000,- til tiltaket, med finansiering frå "tilleggsløyvingar".

Handsaming:

Tilrådinga frå Rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

PS 11/162 HØYRING - REGIONAL PLANSTRATEGI

Tilråding frå Ulstein formannskap, 15.12.2011:

1. Ulstein kommune gir slike innspel til regional planstrategi som det går fram av saksutgreiinga
2. Ulstein kommune vil ha særskilt sterkt fokus framover på korleis planarbeidet med handlingsprogram vil verke fremjande på samanhengen mellom regionsentra sin kvalitet, og attraktiviteten til regionen samla (s. 24 i dokumentet).
3. Ulstein kommune vil og peike på samanhengen mellom verdiskaping, næringsutvikling og befolkningstettleik som avgjerande parametre for planlegging og gjennomføring av store og viktige samferdselsprosjekt – "Vegen er midlet og ikkje målet" – (jf. regional plan for kultur, kompetanse, verdiskaping og samferdsle).

Handsaming:

Framlegg frå Jan Berset:

1. Som tilrådinga frå Rådmannen.
2. Ulstein kommune vil ha særskilt sterkt fokus framover på korleis planarbeidet med handlingsprogram vil verke fremjande på samanhengen mellom regionsentra sin kvalitet, og attraktiviteten til regionen samla (s. 24 i dokumentet).

3. Ulstein kommune vil og peike på samanhengen mellom verdiskaping, næringsutvikling og befolkningstettleik som avgjerande parametre for planlegging og gjennomføring av store og viktige samferdselsprosjekt – "Vegen er midlet og ikkje målet" – (jf. regional plan for kultur, kompetanse, verdiskaping og samferdsle).

Røysting:

1. Tilrådinga frå Rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.
2. Framlegget frå Jan Berset vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

PS 11/163 EIGARSTRATEGI FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS (SSR)

Tilråding frå Ulstein formannskap, 15.12.2011:

Ulstein kommune vedtek "Eigarstrategi for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR)" slik den ligg føre i vedlegg 1.

Handsaming:

Tilrådinga frå Rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

----------o----------

Link vert sendt til:

1. Formannskapet
2. Rådmannen
3. Ass. rådmann
4. Kommunalsjefane
5. Mellomleiarane
6. Servicetorget
7. Kommunerevisoren
8. VKUS v/Jostein Støylen
9. Kontrollutvalet m/vara

Ulstein kommune
Politisk sekretariat, 15.12.2011.

Marianne Hatløy
politisk sekretær